

## HØYRINGSINNSPEL frå AHF, Campus Førde

Sak	<b>Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering</b>
Saksnr.	16/05641
Høyringsinstans (svarar)	Avdeling for Helsefag, Campus Førde v. dekan Randi Skår
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Diskusjon på personalmøte og i lunsjmøte samt innspel frå leiargruppa
<b>Innspel</b> Bruk fleire sider om det trengs	
<b>Kap 4</b>	<b>I begge modellane er det identifisert kva slags oppgåver som fysisk må vere tilgjengelege på studiestadane. Er det oppgåver som manglar – i så fall kva for oppgåver og kvifor?</b>
	<p>Oppgåvene som er skisserte er dekkande, men ved AHF, campus Førde, ser vi det som naudsynt at nokre oppgåver knytt til praksisadministrasjon er fysisk tilgjengeleg på studiestaden. Dette fordi ein ser at praksisadministrasjon krev lokal kunnskap og kontakt for å oppretthalde det gode praksistilbodet for studentane som vi har utvikla i fellesskap med spesialist- og kommunehelsetenesta i fylket.</p> <p>I tillegg ser ein oppgåver knytt til rekruttering kan leggest til studiestaden. Dette på grunn av lokal kjennskap til studiestaden. Ein ser og at fellestenester knytt til leiarstøtte bør vere tilgjengelege for leiarar også på nivå 3 og 4.</p> <p><b>Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåvene mellom</b> <b>a. institusjons- og fakultetsnivå i modell 1?</b> <b>b. institusjons- og fakultetsnivå i modell 2?</b></p> <p>Modellane i figuren side 12 syner dei fire hovudoppgåvene som skil dei to modellane og som er knytt til økonomi og budsjettering, HR/personal, internasjonalisering i forskning og utdanning og planlegging/drift av ekstern finansiert verksemd. Ut frå dette blir modell 2 oppfatta som den som best ivaretek utvikling av sjølvstendig og sterk fakultetsadministrasjon.</p> <p>Begge modellane ivaretek behovet for fellestenester, og modell 1 med hovudvekt på fellestenester legg best til rette for likskap på institusjonsnivå. Samstundes stillast spørsmålet om ei slik vektlegging av institusjonsnivået fører til meir byråkratisering i nivåa under, behov for eit ekstra administrativt nivå, og dermed lengre beslutningstid i forhold til det ein har vore van med i tidlegare organisasjon. Det er likevel stemmer som talar meir for modell 1 og større vektlegging av standardisering av administrative tenester på institusjonsnivå. Dette blir sett i samanheng med utvikling av digitale løysingar som i større grad</p>

	<p>kan hjelpe studentane til å ha ein stad å forholde seg til digitalt når det gjeld informasjon som har relevans for gjennomføring av studiet.</p> <p>Fleire trekker fram at vi sannsynlegvis i større grad må operasjonalisere kva vi legg i det at vi profilerer oss med å vere «tett på» studentane, praksisfelt og forskingsfelt, og så må vi vise at vi fylgjer opp desse prinsippa også gjennom administrativ organisering.</p> <p>«Tett på» kan forståast som eit fokus på spesialisering av tenester, og at ein gjennom det kan behandle alle likt med lik tilgang til informasjon og like tenester til alle. Her handlar det som sagt om å utvikle digitale tenester som kan hjelpe studentane til sjølvstende og medverknad gjennom å fylgje med på, hente informasjon og ordne opp sjølve . Ei anna forståing av «tett på» handlar om relasjonar og fysisk tilstedeværelse, det at den einskilde student føler seg sett og at ein har mulighet til å få personleg hjelp og støtte.</p> <p>Studiestadane, som campus Førde, skal ha administrasjon for ulike fagmiljø og sannsynlegvis for fleire organisatoriske nivå i og med at ein studiestad kan huse fleire fakultet og fleire institutt. Ved å ha eit administrativt apparat knytt til fakultet så vil ein i større grad kunne «spesialisere» administrasjonen til den faglege aktiviteten innanfor fakultetet. Ein ser også føre seg at ein i stor grad kan yte individuell service. Eit anna moment er at dekanen vil ha større innverknad på innhaldet og kvaliteten i dei administrative tenestene.</p> <p>Ein viktig faktor uansett modell er at ein må organisere administrasjonen på ein slik måte at det gir attraktive arbeidsplassar med tanke på rekruttering og at det er mogleg for administrativt tilsette å utvikle og spesialisere sin kompetanse. Det er også viktig at organiseringa ivaretek ein tydeleg leiarstruktur for dei administrativt tilsette. Ein anna faktor er at ein har lett for å sjå føre seg eit bilete av at all administrasjon skal konsentrerast på ein campus dersom ein går i retning av modell 1. Dette handlar sannsynlegvis om historikken ved HiSF og utviklinga av fellesadministrasjonen i Sogndal. Samstundes som ein har sett nytten av å profesjonalisere fellestenestene så har det, sett frå Førde si side, i nokre tilfeller vore utfordrande med kommunikasjonen mellom studiestadane. Ved å legge meir administrativt ansvar til fakulteta ser ein føre seg meir fordeling av administrative funksjonar på ulike campus. På denne måten kan ein ivareta eit fagleg administrativt miljø der ein kan utvikle både spesialistfunksjonar og samstundes ivareta generalistoppgåver.</p> <p><b>Er det naudsynt å vidareutvikle eller etablere nye administrative område i HVL - kvifor?</b></p> <p>Dersom ein skal oppnå målsetjingane knytt til digitalisering så bør ein opprette eit administrativt område som dekker digital kompetanse og brukarstøtte. Tradisjonelt har desse oppgåvene lagt til IT og bibliotek, men dei ligg for implisitt og er ikkje nødvendigvis dekkja med den kompetansen åleine. Det er også mogleg dette ligg inn i den delen av fellestenestene som heiter utvikling og drift av læringssenter.</p>
<p><b>Kap 5</b></p>	<p><b>Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leining og fagleg organisering)</b></p>

	<p>Det kan sjå ut til at modell 2 vert sett på som den modellen som i størst grad støttar opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda, sjølv om vesentlege punkt på utgreiast før det kan konkluderast (jfr kommentar til kap 6).</p>
<p><b>Kap 6</b></p>	<p><b>Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.</b>  <b>Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</b></p> <p>AHF støttar konklusjonen i leveransen når det gjeld forslaget til forhold som må utgreiast nærmare.  Om ein skal velje den eine eller andre modellen avheng av korleis leiarstrukturen blir, og kva rolle og ansvar til dømes prorektorane skal ha. I dette ligg behovet for administrativ leiarstøtte.</p>
<p>Andre merknader</p>	